

bilder av utvandra nord-østerdøler. Ikkje rart at tidlegare konservator og leder ved museet, Per Hvamstad, sette pris på denne gava.

Jens lever ikkje lenger, men kona Signe Drevsjø tipsa om at kanskje nevøen Jan Olav, son til Jens si syster Gerd, kunne tenkja seg å fortelja om «Bestefars historie», noko han heldigvis sa ja til.

Jan Olav Schei er utdanna journalist og har jobba i Romerikes Blad på Lillestrøm ein mannsalder, som journalist, vaktsjef, nyhetssjef og no som produksjonsredaktør der han er leder for ein desk som har ansvaret for å redigere 25 lokalaviser i Amedia. Bur i Lørenskog, har hytte i Bjørsjølia, er gift og har to barn, og snart tre barnebarn.

Enkeltmannsforetaket Naturreportasje er oppretta som eit hobbyprosjekt. Han har levert nokre innlegg til Villmarksliv og Alt om Fiske. Ikkje så mykje aktivitet der nå, men kanskje blir det meir når han blir pensjonist? At Jan Olav Schei tek seg tid til å forberede «Bestefars historie» i ein hektisk kvardag, og sidan let publikum få del i den, er det grunn til å vera takknemleg for. Tolga kan vera stolt av å ha fostra folk som Olav og Magne Hagen.

Stenfjøset Ivareggla laurdag 26. juli kl.16.

Parkering på Hamran

Inngang 150. kaffe og kake på billetten.

Vipps, terminal og kontant

Kjøp gjerne billett på vippes #821598 før du kjem